



NVE

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gry Walle, 5557 2332

Att. Rune Moe

Fråsegn - Søknad om midlertidig fråvik frå manøvreringsreglement - Eiriksdal kraftverk

Statsforvaltaren har ikkje avgjerande merknadar til søknaden om mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Eiriksdal kraftverk i Høyanger kommune.

Vi viser til oversending datert 27. september 2022 med søknad om mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Eiriksdal kraftverk. Tilsvarande løyver vart gitt i 2021, og i april i år.

Bakgrunn

Føremålet er å permanent tette inntaksluke til kraftverk 2 (K2). Inntaksluka er knytt til tilløpssystemet til K2, som er lagt ned. Luka har store lekkasjar, og er i dårleg stand.

Statkraft Energi AS søker om dispensasjon frå manøvreringsreglementet i Roesvatnet i fire til seks veker. Oppstart av tiltaket er planlagt i oktober. Med dispensasjon, vil vasstanden bli senka under LRV med inntil 1,5 meter.

Vår vurdering

Vi reknar med at eventuelle konsekvensar for fisk i Roesvatnet blir mellombels, og støtter Statkraft si vurdering om tidspunkt for gjennomføring.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
rådgjevar

Gry Walle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Høyanger kommune

Postboks 7900
Postboks 159

5020
6991

BERGEN
HØYANGER